



Setesdalssamarbeid

Bygland, Evje og Hornnes,
Valle, Bykle og Åseral

Vår ref.:
2025/165

Sakshandsamar:
Gunn Marith Homme
gunn.marith.homme@setesdal.no

Dato
03.06.2025

REFERAT FRÅ KOMMUNEDIREKTØRUTVALET 02.06.2025

Møtestad:	Formannskapssalen, Evjemoen
Møtetidspunkt:	2. juni 13:00 – 15:20
Desse møter:	Karina, Aslak, Frantz og Kåre Einar
Meldt forfall:	Vidar

Nr og sak:	Merknader/frist/ansvarleg
1. Etablering av KSF Sør (Kommunenes samarbeidsarena for forskning) Rådgjevar Victoria Nekola og Henriette Hovland frå Kristiansand kommune orienterer. Konklusjon: Aslak J. Brekke vert vald inn som representant i styringsgruppa frå Setesdal. Ellen Benum vert vald som FoU kontakt.	Presentasjon frå møtet vert sendt ut så snart det kjem til sekretariatet.
2. Næringsforum avviklast eller endre form? Åse Ingebjørg Flateland (teams), Nils Johan Markus Lund og Morten Haraldstad deltok. Konklusjon: Viktig med eit forum for å drøfte saker. Bør jobbe med store regionale saker, og ikkje ordinære næringssaker som ikkje har regional effekt. Det må utarbeidast eit tydeleg mandat for dette forum.	Representant frå Bygland kommune var utegløymt i innkallinga til næringsforumet.
3. Gjennomgang av avtalen med LMT går ut då Ellen Benum ikkje kunne møte. Saka blir sett opp på nytt neste møte.	Malla set det på agenda til neste møte.
4. Samsnakk status i kvar enkelt kommune Runde rundt bordet. Gjensidig informasjonsutveksling og spørsmålsrunde. Konklusjon: Ein del utlysingar i kommunane med litt ymse rekrutteringsutfordringar. Beredskap skal settast opp som sak på neste møte.	Malla set det på agenda til neste møte.
5. Orientering frå representant KDU Frantz orienterte frå sist møte i KDU Agder 22.05. Vedtaksaker:	

<ul style="list-style-type: none"> • Prosjektavslutning Digital kompetanse «fase 2» • Møteplan 2026 • Saker under eventuelt: Kommunekommisjonen og Søknad til Statsforvalteren om skjønnsmidler for utgreiing av etablering av eit eventuelt felles IKT –selskap i Agder. <p>Samt diverse drøftingssaker og orienteringssaker.</p>	
<p>6. Interkommunalt samarbeid - vegen vidare Status: Ulike vedtak i kommunane. Ikkje alle har hatt det til handsaming i kommunestyret.</p>	
<p>7. Heilskapleg omstilling og effektivisering av tannhelsetenesta i Agder Konklusjon: Det skal skrivast felles saksframlegg.</p>	<p>Vidar syter for utkast som blir ferdig i løpet av veka.</p>
<p>8. Eventuelt Ingen saker.</p>	
<p>9. Val av styremedlem, leiar og nestleiar samt godtgjering for styreverv Setesdal brannvesen Innstilling frå kommunedirektørutvalet: Nye medlem til styret i Setesdal brannvesen frå Bykle, Valle og Iveland kommunar:</p> <p>Iveland kommune: Monica Verdal, styreleiar Varamedlem: Ole Kristen Ryen Hægeland</p> <p>Valle kommune: Magnus Berg, nestleiar Varamedlem: Ann Christin Jacob</p> <p>Bykle kommune: Eirik Birkeland, medlem. Varamedlem: Caroline Rysstad</p> <p>Innstilling frå kommunedirektørutvalet i høve godgjersle: Godtgjersla skal vere dei same som for SMG og er som følgjer: Møtegodtgjørelse kr 2300 Nestleder kr 7000 pr år Styreleder kr 25000 pr år</p>	<p>Malla sender innstillinga til Monica Verdal når referatet er godkjent.</p>